



Isdalstø Anleggsservice As
Stølen 9
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/1090 - 23/25712

Saksbehandlar:

Mette Robertsen

mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:

31.03.2023

Vedkommande føreståande uttale til Bergen Havn farvassforvaltning IKS, med omsyn til tiltak i planområde BUN2, gbnr 220/10 Stor Urdal

Vi viser til førespurnad med omsyn til føreståande søknad til Bergen Hamn Farvassforvaltning IKS, knytt til tiltak som gjeld oppføring av nye naust, kai, og flytebrygge på gbnr 220/1 Store Urdal.

Det er tidlegare pr. e-post gitt attendemelding med omsyn til plassering av flytebrygge på omr. BUN3, sendt til ansvarleg søkjar samt til sakshandsamar Hanne Gunnarskog ved Bergen Hamn Farvassforvaltning, datert den 22.02.2023.

Administrasjonen opprettheld vår uttale, der vi skriv slik:

Omsøkt plassering av flytebrygga slik skissert i søknad, er ikkje i samsvar med plassering vist i arealplankartet.

Administrasjonen legg til grunn at plasseringa i plankartet er meint som ein illustrasjon, og er dermed ikkje rettsleg bindande.

Administrasjonens vurdering er at omsøkt plassering soleis ikkje er i strid mot plan for området, og det er dermed ikkje naudsynt å søkje dispensasjon i dette høvet.

Ved gjennomgang av ny tilsendt tilleggsdokumentasjon, nye teikningar med meir, sendt kommunen den 28.03.2023, samt den 29.03.2023. går de fram at etablering av kai og terrenginngrep er prosjektert utafor omr. BUN2. Vi vil gjere merksam på at dei nemnte tiltaka bortsett frå flytebrygge, må vere innafor omr. merket BUN2.

Vi ber om at det vert gjort greie for dei nemnte høva, og ettersendt kommunen følgande:

1. Nytt situasjonskart syner kai opparbeida på omr. BUN3, og omr. BUN2. Ny kai skal jf. Detaljreguleringsplanen for Hamneneset, gbnr 220/10 mfl. § 2.1 bokstav 3. ligge på BUN2. Det kan derfor vere naudsynt å ta stilling til høgdeforskjell på eksisterande kai på omr. BUN3 i forhold til den nye som skal etablerast. Administrasjonen ber om eit snitt på teikning som viser dette høvet.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

2. Ettersende nye terrengsnitt syner at det skal gjerast vesentleg terrenginngrep bakanfor nausta. Dette høvet krev dispensasjon. Administrasjonen rår til at naudsynt terrenginngrep vert gjort på omr. BUN2, og at det vert ettersendt kommunen nye snitt teikningar som syner tiltaket innafor føremålsgrrensa.

På bakgrunn av det nemnte, kan ikkje administrasjonen gje positiv melding til Bergen Hamn Farvassforvaltning, med omsyn til søknaden som skal handsamast der.

Terrenginngrep og kai må vere prosjektert innafor omr BUN2, for at søknaden skal handsamast i tråd med plan for området. Slik søknaden no ligg føre, er nemnte forhold vurdert i strid med denne.

Dersom De ynskjer å supplere søknaden i tråd med plan for området, ber vi om at det vert gjort greie for naudsynte endringar. **Ny frist for supplering av søknaden vert sett til den 28.04.2023.** Dersom vi ikkje har mottatt dokumentasjon innan fristen, vert søknaden tatt til behandling ut frå den dokumentasjon som ligg i saka.

Vi minner om at ansvarleg søkjar er tiltakshavars representant overfor kommunen. For å få ein oversiktleg dialog i saka i samsvar med reglane i plan- og bygningslova, ber vi om at all kommunikasjon i saka går gjennom ansvarleg søkjar.

Med helsing

Alver kommune Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

j

Kopi til:

Steinar Mørch

Burkhovdane 9 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Isdalstø Anleggsservice As

Stølen 9 5911

ALVERSUND